

Høyring av framlegg til ny vass- og avløpsforskrift

Fitjar kommune legg med dette ut framlegg til ny vass- og avløpsforskrift på høyring. Frist for innsending av høyringssvar er sett til **dd. mmmm** 2026.

Høyringssvar kan sendast til fitjar@fitjar.kommune.no eller postboks 83, 5418 Fitjar.

1 Bakgrunn

For å kunne krevje inn vass- og avløpsgebyr må kommunen ha ei lokal forskrift. Heimelen følgjer av den nye vass- og avløpsanleggslova, som gjeld frå 1. januar 2026. Det er nasjonale forskrifter som set rammene for korleis gebyra skal reknast ut, medan kommunen sjølv bestemmer detaljane i si eiga forskrift.

Gjeldande forskrift om vass- og avløpsgebyr i Fitjar kommune er frå 2005. Bakgrunnen for arbeidet med ny forskrift er at kommunen ønskjer eit regelverk som er betre tilpassa tilhøva i dag og i samsvar med ny lov. Framlegget skal òg gjere gebyrmodellen enklare å forstå for abonnentane og enklare å praktisere for kommunen.

Vass- og avløpsgebyra i Fitjar kommune byggjer på sjølvkostprinsippet. Det vil seie at dei kostnadane kommunen har med å produsere tenestene, skal dekkjast inn gjennom dei gebyra abonnentane betaler. Kommunen kan ikkje tene pengar på tenestene. Overskot eller underskot i det einskilde året skal setjast av til, eller dekkjast inn frå, bundne driftsfond. Eit overskot vert ført tilbake til abonnentane i form av lågare årsgebyr i løpet av ein femårsperiode, og på same måten vert eit underskot dekt inn over årsgebyret i same periode. Vass- og avløpsgebyra skal ikkje finansiere andre delar av kommuneforvaltninga.

Forskrifta fastset korleis gebyra skal reknast ut, ikkje kor høge dei skal vere. Målet er å sikre ei mest mogleg rettferdig fordeling av gebyrkostnadane mellom abonnentane. Sjølve satsane vert vedtekne av kommunestyret kvart år i gebyrregulativet. Ny forskrift er føreslått å tre i kraft 1. januar 2027.

2 Oppsummering

Tilknytingsgebyret er eit eingongsgebyr som skal betalast når ein eigedom vert kopla til det kommunale vass- og/eller avløpsnettet. I framlegget er gebyret ein fast sats og ikkje avhengig av storleiken på bygget, slik det er i dag.

- Bustadeigedom: fast sats per bueining.
- Fritidseigedom og næringseigedom: fast sats per brukseining.
- Kombinasjonseigedom: gebyr for kvar del etter reglane for høvesvis bustad, fritid og næring.
- Naustseigedom og eigedom utan bygg: fast sats per eigedom.

Ein fast sats er både enklare å praktisere og meir føreseieleg for abonnentane enn eit gebyr som varierer med arealet.

Årsgebyret for både vatn og avløp er føreslått delt i to: eit abonnementsgebyr (fast del) og eit forbruksgebyr (variabel del). Inntektene frå abonnementsgebyret skal fortrinnsvis dekkje dei faste kostnadane til tenestene, medan forbruksgebyret følgjer forbruket. Kor stor del av årsgebyret som skal vere fast og variabel del, vert fastsett i gebyrregulativet kvart år.

Abonnementsgebyret vert fastsett etter følgjande kategoriar:

- Bustadeigedom: fast sats per bueining.
- Fritidseigedom: eigen sats per brukseining.
- Naustseigedom og eigedom utan bygg: eigen sats per eigedom.
- Nærings- og kombinasjonseigedom¹: For nærings- og kombinasjonseigedomar blir det faste vassgebyret fastsett ut frå vasskapasiteten til eigedomen, som er delt inn i faste gebyrkategori. Eigedomen blir plassert i ein gebyrkategori basert på det høgaste vassforbruket som nokon gong er målt der². Dette inneber at eigedomen berre kan flyttast opp til ein dyrare kategori dersom kommunen registrerer at forbruket aukar, men aldri kan flyttast ned til ein billigare.

¹ Ein kombinasjonseigedom er ein eigedom som består av både bustad og noko anna (til dømes næringslokale, gardsbruk eller fiskeribygge).

² Sidan nesten ingen abonnentar har vassmålar i dag, vil ein fastsetje kategorien ved å multiplisere bruksarealet med ein omrekningsfaktor til kubikkmeter. Etter kvart som vassmålar vert montert, vil eigedomen verte flytta til ein kategori basert på det høgaste målte forbruket.

Forbruksgebyret vert som hovudregel fastsett etter målt forbruk. Ei viktig endring i framlegget er at alle abonnentar over tid skal ha vassmål: nærings- og kombinasjonseigedomar innan 1. januar 2028, og alle andre abonnentar innan 31. desember 2031. Frå 1. januar 2032 skal alle betale etter målt forbruk. Fram til målarer er installert, betaler abonnenten etter stipulert forbruk.

For abonnentar utan vassmål vert forbruket rekna ut frå bruksarealet til eigedomen (BRA etter NS-3940), multiplisert med ein omrekningsfaktor frå bruksareal til vassvolum. I framlegget er faktoren 1,2 m³ per m² bruksareal, og for fritidsbustadar 0,6 m³ per m² bruksareal.

Simuleringane nedanfor viser ei samanlikning av vass- og avløpsgebyra i 2026 etter framlegget til ny forskrift og etter forskrifta som gjeld i dag. Grøn bakgrunn i tabellen tyder at abonnenten betaler mindre etter ny forskrift enn i dag, medan raud bakgrunn tyder at abonnenten betaler meir. Denne fargekodinga er brukt gjennomgåande i dokumentet. Det er teke utgangspunkt i fire tenkte abonnentar utan vassmål.

Årsgebyr vatn inkl. mva.	m ³	Gjeldande	Ny forskrift
Bustad 180 m ²	216	5 393	4 851
Fritid 80 m ²	48	2 697	3 976
Liten handelsbutikk 150 m ²	180	16 179	4 421
Stor handelsbutikk 2000 m ²	2 400	37 751	42 312

Tabell 1 – Simulerte vassgebyr ved ny og gjeldande VA-forskrift

Årsgebyr avløp inkl. mva.	m ³	Gjeldande	Ny forskrift
Bustad 180 m ²	216	6 890	6 592
Fritid 80 m ²	48	3 445	5 569
Liten handelsbutikk 150 m ²	180	20 670	6 029
Stor handelsbutikk 2000 m ²	2 400	48 230	56 832

Tabell 2 – Simulerte avløpsgebyr ved ny og gjeldande VA-forskrift

3 Framlegg til ny VA-forskrift

Dette kapittelet gjer greie for hovudtrekka i framlegget til ny VA-forskrift. Framstillinga er ikkje uttømmende, og for alle detaljar viser kommunen til forskriftsteksten som ligg ved høringsbrevet.

3.1 Tilknytingsgebyr

Ved tilknytning til kommunalt vass- og/eller avløpsnett er det abonnenten som betaler røyrleggjarkostnaden. Kommunen har difor ikkje direkte kostnader med sjølve tilknytninga. Kostnadane til kommunen er hovudsakleg knytte til den administrative registreringa av ein ny abonnent, og gebyret skal i tillegg dekkje ein forholdsmessig del av dei samla kostnadane kommunen har med infrastrukturen.

I framlegget er tilknytingsgebyret ikkje knytt til storleiken på bygget (areal), men utforma som ein fast sats. Gebyret skal betalast ved tilknytning av eigedom, ved tilknytning som kommunen krev etter plan- og bygningslova, og for eigedom med ei tilknytning som ikkje er godkjend, jf. forskrifta § 2-1. Ein fast sats vil truleg verte oppfatta som meir rettferdig og føreseieleg for abonnentane, og er mindre ressurskrevjande for kommunen å praktisere enn eit arealbasert gebyr.

Tilknytingsgebyret er eit eingongsgebyr, og det vert betalt etter følgjande faste kategoriar (jf. forskrifta § 2-2):

- Bustadeigedom: fast sats per bueining.
- Fritidseigedom og næringseigedom: fast sats per brukseining.
- Kombinasjonseigedom: gebyr for kvar del etter reglane for høvesvis bustad, fritid og næring.
- Naustseigedom og eigedom utan bygg: fast sats per eigedom.

Samla inntekter frå tilknytingsgebyr avheng av nybyggings- og etableringsaktiviteten i kommunen og vil variere frå år til år. Er gebyrsatsen høg, kan tilknytingsgebyra utgjere ein stor del av gebyrinntektene i år med mange tilknytningar. Det gjer det vanskelegare å halde årsgebyret stabilt, sidan eit overskot i sjølvkostkalkylen må førast tilbake til abonnentane gjennom lågare årsgebyr. Eit lågt tilknytingsgebyr gjev meir stabile og føreseielege inntekter, i tråd med tilrådingane i rettleiarane frå Norsk Vann.

Dersom kommunen overtek private vass- og/eller avløpsanlegg, kan kommunen fastsetje ein særskild sats i det einskilde tilfellet.

Gebyrsatsen vert fastsett årleg av kommunestyret og går fram av gebyrregulativet. Arbeidsgruppa føreslår at tilknytingsgebyret i Fitjar kommune vert sett til 15 000 kroner inkl. mva. for høvesvis vatn og avløp, det vil seie 30 000 kroner samla for ein bustadeigedom som vert tilknytt begge tenestene.

3.2 Todelt årsgebyr

Framlegget legg opp til eit todelte årsgebyr med ein fast del (abonnementsgebyr) og ein variabel del (forbruksgebyr). Ein todelte modell er valt fordi gebyra då speglar kostnadssamansetjinga i tenestene betre, og fordi modellen gjer det mogleg å differensiere den faste delen mellom ulike abonnentgrupper.

Inntektene frå abonnementsgebyret skal fortrinnsvis dekkje dei forventaste kostnadane til vass- og avløpsstenestene. Kor stor del av årsgebyret som skal vere fast og variabel del, vert fastsett i gebyrregulativet kvart år.

3.3 Abonnementsgebyr (fast del)

I framlegget skal bustadeigedomar betale abonnementsgebyret som ein fast sats per bueining. Årsaka er at bustadar belastar infrastrukturen om lag like mykje, uavhengig av storleik.

For fritidseigedomar er det lagt opp til ein eigen sats per brukseining der fastleddet er sett 50 prosent høgare enn for bustadar. Bakgrunnen er at fritidsbustadar jamt over brukar lite vatn, men har høge forbrukstoppar fordi mange brukar hyttene på same tid. Infrastrukturnkostnadane er i stor grad faste. Eit system med eit lågt fastledd vil difor føre til at fritidsbustadane ikkje dekkjer sin del av utgiftene. Eit høgare fastledd skal kompensere for dette, slik at ein unngår at dei fastbuande må subsidiere fritidsbustadane.

Bustad og fritid	Eining	Tal på fastledd	Abonnentar vatn	Abonnentar avløp
Bustadeigedomar	Per bueining	1,0	1 080	678
Fritidseigedomar	Per brukseining	1,5	110	26

Tabell 3 – Oversikt over bustad og fritid, tal på fastledd og tal på abonnentar i kvar kategori

I framlegget vert nærings- og kombinasjonseigedomar delte inn i fire kategoriar, noko som utløyser frå eitt til tolv abonnementsgebyr. Tabell 4 viser kor mange fastledd (abonnementsgebyr) kvar kategori får, basert på vassforsyningskapasiteten.

Sidan nesten ingen abonnentar har vassmål i dag, vil ein fastsetje kategorien ved å multiplisere bruksarealet med ein omrekningfaktor til kubikkmeter. Etter kvart som vassmål vert montert, vil eigedomen verte flytta til ein kategori basert på det høgaste målte forbruket.

Næringskategoriar	m ³ låg	m ³ høg	Tal på fastledd	Abonnentar vatn	Abonnentar avløp
Kategori 1	0	300	1	90	31
Kategori 2	300	1 000	3	81	28
Kategori 3	1 000	5 000	6	25	16
Kategori 4	5 000	1 000 000	12	4	3

Tabell 4 – Oversikt over næringskategoriar, tal på fastledd og tal på abonnentar i kvar kategori

Kvar einskild eigedom skal betale eit fastsett tal på abonnementsgebyr i tråd med denne tabellen, basert på det høgaste vassforbruket eigedomen har hatt. Maksimalforbruket er eit godt og tenleg mål på forsyningskapasiteten til eigedomen, og det speglar dermed òg infrastrukturkostnadane kommunen har for næringsseigedomar med stort forbruk. Denne praksisen er allereie i bruk i fleire kommunar.

Utan ei slik vekting ville kvar næringsabonnent berre ha betalt eitt abonnementsgebyr, uansett kor mykje eigedomen krev av produksjons- og handteringskapasiteten i kommunen. Dette ville ha gjeve ei uehelig skeivfordeling av kapitalkostnadane mellom bustad- og næringsseigedomar. Talet på fastledd aukar mindre enn proporsjonalt med vassforbruket, det vil seie etter ein degressiv skala.

3.3.1 Endring av kategori for abonnementsgebyr

Framlegget opnar ikkje for at kategorien til den einskilde eigedomen kan endrast fordi vassforbruket går ned. Årsakene til det er fleire:

- Den faste delen skal dekkje dei kostnadane kommunen har med den teoretiske leveringskapasiteten til kvar abonnent.
- Infrastrukturen til kommunen vert avskriven lineært over den utnyttbare levetida, og for leidningsnett er den maksimale avskrivningstida 80 år etter budsjett- og rekneskapsforskrifta § 3-4. Dei faste kostnadane er difor relativt stabile over tid, og dei vert ikkje påverka av at forbruket til den einskilde abonnenten varierer.
- Sidan alle kostnadane kommunen har med vatn og avløp skal dekkjast av abonnentane, vil endringar i kategori føre til at kostnadar vert flytte frå ei gruppe abonnentar til ei anna.
- Ei ordning der abonnentane kan søkje om å verte flytta til ein annan kategori, vil krevje omfattande sakshandsaming og gjere det vanskelegare å praktisere kategoriane likt for alle.
- Stadige endringar i kategori for eit stort tal på næringsabonnentar gjev kommunen administrative kostnadar med å oppdatere faktureringsgrunnlaget.

Arbeidsgruppa tilrår likevel at kommunen reviderer kategoriane med jamne mellomrom, til dømes kvart femte år.

Dei fleste næringseigedomane har i dag ikkje vassmålår. Etter framlegget skal alle desse ha målår innan 1. januar 2028. Når ein slik eigedom har fått målår, bør kommunen vurdere kategorien på nytt etter to til tre år med målaravlesingar.

Inntektene frå abonnementsgebyret skal fortrinnsvis dekkje dei faste kostnadane til kommunen. Ein abonnent kan påverke årsgebyret sitt ved å redusere vassforbruket, sidan den variable delen følgjer forbruket.

3.4 Forbruksgebyr (variabel del)

Regelverket gjev avgrensa høve til å differensiere forbruksgebyret, og det er tilrådd å bruke same pris per m³ for alle abonnentgrupper. Framlegget legg dette til grunn og opnar ikkje for kvantumsrabatt til storforbrukarar av vatn.

Forbruksgebyret vert fastsett etter målt eller stipulert vassforbruk. Både kommunen og abonnenten kan krevje at gebyret vert fastsett ut frå målt forbruk. Er gebyret først fastsett etter målt forbruk, kan ein ikkje gå tilbake til stipulert forbruk.

Hovudregelen er at avløpsmengda vert rekna lik vassmengda. Unntak frå dette går fram av forskrifta § 3-7, sjå punktet om reduksjon av eller tillegg til årsgebyret nedanfor.

3.4.1 Krav om vassmålår

Ei av dei største endringane i framlegget er at alle abonnentar skal ha vassmålår. Næringseigedomar og kombinasjonseigedomar, medrekna bygg for offentlege føremål, skal ha vassmålår innan 1. januar 2028 og betale etter målt forbruk frå same dato. Det same gjeld anlegg med varig eller mellombels tilknytning i samband med oppføring av bygg eller anlegg.

Alle andre abonnentar skal ha installert vassmålår innan 31. desember 2031, og frå 1. januar 2032 skal alle betale forbruksgebyr etter målt forbruk. Fram til målaren er installert, betaler abonnenten etter stipulert forbruk. Der det ikkje er mogleg å installere vassmålår, kan kommunen fastsetje eit stipulert forbruk. For mellombelse tilknytningar kan kravet om målår fråvikast dersom vassmengda kan fastsetjast på andre måtar.

Kommunen skal stå som eigar av vassmålårene. Abonnenten dekkjer kostnadane med installasjonen og betaler ei årleg leige for anskaffing og vedlikehald av målaren. Leiga går fram av gebyrregulativet. Kommunen avgjer kor mange målårar den einskilde eigedomen skal ha, og fastset type, storleik og plassering. Når målaren har nådd vanleg levetid, skaffar kommunen ny målår, medan abonnenten dekkjer kostnadane med sjølve utskiftinga.

3.4.2 Areal og faktor for stipulert forbruk

Når gebyret vert rekna ut etter areal, er det bruksarealet (BRA) etter NS-3940, slik det er registrert i matrikkelen, som ligg til grunn. Er opplysingane i matrikkelen mangelfulle, kan kommunen estimere arealet ut frå eit gjennomsnitt for bygningstypen. Abonnenten kan sjølv leggje fram dokumentasjon på det gebyrpliktige arealet til eigedomen.

For bustad- og kombinasjonseigedomar vert garasjar, uthus, anneks, utvendige buer og naust haldne utanfor bruksarealet. For nærings- og kombinasjonseigedomar vert bygningstypane 233, 241, 243, 244, 245, 248 og 249 etter NS-3457 haldne utanfor utrekningsgrunnlaget i ein overgangsperiode fram til 1. januar 2028.

Regelverket understrekar at det stipulerte forbruket i størst mogleg grad skal svare til det reelle forbruket. Norsk Vann tilrår at omrekningsfaktoren for stipulert årleg forbruk ligg mellom 1,1 og 1,3 m³ per m² bruksareal. I framlegget er faktoren 1,2 m³ per m² bruksareal, og for fritidsbustadar 0,6 m³ per m² bruksareal. Årsaka til at faktor for fritidsbustad vert sett slik er at gebyret skal gjenspegla at det stipulerte forbruket for fritidsbustadar er mykje

lågare enn for bustadar. Faktorane vert fastsette i gebyrregulativet. For nausteigedom og eigedom utan bygg vert forbruket stipulert særskilt per eigedom.

4 Gjeldande lokal forskrift

Gjeldande forskrift i Fitjar kommune heiter *forskrift om vass- og avløpsgebyr i Fitjar kommune*. Ho er heimla i lov 31. mai 1974 nr. 17 om kommunale vass- og kloakkavgifter § 3 og forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning. Forskrifta vart vedteken av Fitjar kommunestyre 14. desember 2005 (sak PS 054/05) og tok til å gjelde 1. januar 2006.

4.1 Tilknytingsgebyr

I dag vert tilknytingsgebyret fakturert når ein eigedom med bygg vert tilknytt vass- og/eller avløpsnett, eller ved førstegongs oppføring av bygg på ein eigedom som vert tilknytt. Gebyret vert fastsett etter arealet til bygget. Tabell 5 nedanfor viser eit utval av tilknytingsgebyra i Fitjar kommune for 2026.

Tilknytingsgebyr 2026	Eining	Vatn inkl. mva.	Avløp inkl. mva.
Bustadbygg - areal til 250 m ²	kr/bygg	21 980	17 972
Fritidsbygg - ingen arealavgrensing	kr/bygg	25 681	29 534
Industribygg - areal under 300 m ²	kr/bygg	11 653	13 401
Lagerbygg - areal under 1000 m ²	kr/bygg	11 653	13 401
Overnattingsstad - mindre enn 300 m ²	kr/bygg	17 479	20 101
Driftsbygning på gardsbruk	kr/bygg	8 740	10 050

Tabell 5 – Tilknytingsgebyr 2026 – gjeldande lokal forskrift

4.2 Årsgebyr

I tråd med gjeldande forskrift betaler vass- og avløpsabonnentane i Fitjar kommune eit fast, årleg gebyr. Gebyret vert rekna ut frå abonnenttype og arealet til bygget. Alternativt kan gebyret reknast etter faktisk forbruk (målt volum), men då med eit fastsett minstegebyr. Både kommunen og abonnenten har rett til å krevje at gebyret vert basert på målt forbruk med ein slik minstesats. Tabell 6 nedanfor viser årsgebyra i Fitjar kommune for 2026.

Årsgebyr 2026	Grunngebyr	Vatn inkl. mva.	Avløp inkl. mva.
Utvendige vasspostar	0,125	674	
Naust	0,25	1 348	1 723
Fritidsbustad	0,50	2 697	3 445
Bustad - Areal 0-80 m ²	0,75	4 046	5 168
Bustad - Areal over 80 m ²	1,00	5 393	6 890
Industri - Areal 0-100 m ²	1,00	5 393	6 890
Industri - Areal 101-500 m ²	3,00	16 179	20 670
Industri - Areal 501-1000 m ²	5,00	26 965	34 450
Industri - Areal 1001-5000 m ²	7,00	37 751	48 230
Industri - Areal over 5001 m ²	9,00	48 537	62 010
Lagerbygg - Areal 0-1000 m ²	1,00	5 393	6 890
Lagerbygg - Areal over 1001 m ²	2,00	10 786	13 780
Overnattingsstad - Areal under 100 m ²	1,00	5 393	6 890
Overnattingsstad - Areal 101-500 m ²	2,00	10 786	13 780
Overnattingsstad - Areal 501-1000 m ²	4,00	21 572	27 560
Overnattingsstad - Areal 1001-2000 m ²	6,00	32 358	41 340
Overnattingsstad - Areal over 2001 m ²	8,00	43 144	55 120
Driftsbygning gardsbruk - Areal 0-100 m ²	1,00	5 393	6 890
Driftsbygning gardsbruk - Areal 101-500 m ²	2,00	10 786	13 780
Driftsbygning gardsbruk - Areal 501-1000 m ²	3,00	16 179	20 670
Driftsbygning gardsbruk - Areal over 1001 m ²	4,00	21 572	27 560

Tabell 6 – Årsgebyr 2026 – gjeldande lokal forskrift

5 Gebyrsimulering

Den nye VA-forskrifta legg grunnlaget for eit nytt gebyrregulativ. Regulativet vert vedteke årleg av kommunestyret, og gebyrsimuleringane nedanfor er berre eit døme på ei oppstilling. Simuleringa viser ei samanlikning av VA-gebyra i 2026 ved ny og gjeldande VA-forskrift. Alle prisar inkluderer mva.

5.1 Abonnements- og forbruksgebyr ved ny VA-forskrift

Tabell 7 nedanfor viser abonnements- og forbruksgebyr for vatn og avløp ved ny VA-forskrift. Det er lagt til grunn at abonnementsgebyret skal dekkje 50 prosent av gebyrgrunnlaget for vatn og avløp. Bustadeigedom skal betale abonnementsgebyr som ein fast sats per bueining, medan fritidseigedom skal betale per brukseining.

Årsgebyr 2026 inkl. mva.	Eining	Vatn	Avløp
Abonnementsgebyr bustadeigedom	kr/bueining	2 268	3 212
Abonnementsgebyr fritidseigedom	kr/brukseining	3 402	4 818
Forbruksgebyr	kr/m ³	11,96	15,65

Tabell 7 – Abonnements- og forbruksgebyr ved ny VA-forskrift

5.2 Årsgebyr bustadeigedom utan vassmålar

Alle bustadabonnentar betaler i dag etter stipulert forbruk. Tabell 8 til 10 viser vass- og avløpsgebyr ved ny og gjeldande VA-forskrift for bustadeigedomar med fire storleikar for stipulert forbruk: 60, 120, 180 og 240 m². Omrekningfaktoren er 1,2 m³ per m².

Årsgebyr vatn inkl. mva.	m ³	Gjeldande	Ny forskrift
Bustad 60 m ²	72	4 046	3 129
Bustad 120 m ²	144	5 393	3 990
Bustad 180 m ²	216	5 393	4 851
Bustad 240 m ²	288	5 393	5 712

Tabell 8 – Simulerte vassgebyr for ulike bustadeigedomar utan vassmålar

Årsgebyr avløp inkl. mva.	m ³	Gjeldande	Ny forskrift
Bustad 60 m ²	72	5 168	4 339
Bustad 120 m ²	144	6 890	5 466
Bustad 180 m ²	216	6 890	6 592
Bustad 240 m ²	288	6 890	7 719

Tabell 9 – Simulerte avløpsgebyr for ulike bustadeigedomar utan vassmålar

Årsgebyr VA inkl. mva.	m ³	Gjeldande	Ny forskrift
Bustad 60 m ²	72	9 214	7 468
Bustad 120 m ²	144	12 283	9 456
Bustad 180 m ²	216	12 283	11 444
Bustad 240 m ²	288	12 283	13 432

Tabell 10 – Totalt årsgebyr for ulike bustadeigedomar utan vassmålar

5.3 Årsgebyr fritidseigedom utan vassmålar

Alle fritidsabonnentar betaler i dag etter stipulert forbruk. Tabell 11 til 13 viser vass- og avløpsgebyr ved ny og gjeldande VA-forskrift for fritidseigedomar med fire storleikar for stipulert forbruk: 40, 80, 120 og 160 m². Omrekningfaktoren er 0,6 m³ per m².

Årsgebyr vatn inkl. mva.	m ³	Gjeldande	Ny forskrift
Fritid 40 m ²	24	2 697	3 689
Fritid 80 m ²	48	2 697	3 976
Fritid 120 m ²	72	2 697	4 263
Fritid 160 m ²	96	2 697	4 550

Tabell 11 – Simulerte vassgebyr for ulike fritidseigedomar utan vassmålar

Årsgebyr avløp inkl. mva.	m ³	Gjeldande	Ny forskrift
Fritid 40 m ²	24	3 445	5 194
Fritid 80 m ²	48	3 445	5 569
Fritid 120 m ²	72	3 445	5 945
Fritid 160 m ²	96	3 445	6 320

Tabell 12 – Simulerte avløpsgebyr for ulike fritidseigedomar utan vassmål

Årsgebyr VA inkl. mva.	m ³	Gjeldande	Ny forskrift
Fritid 40 m ²	24	6 142	8 883
Fritid 80 m ²	48	6 142	9 545
Fritid 120 m ²	72	6 142	10 208
Fritid 160 m ²	96	6 142	10 871

Tabell 13 – Totalt årsgebyr for ulike fritidseigedomar utan vassmål

5.4 Årsgebyr nærings- og kombinasjonseigedom utan vassmål

Tabell 14 nedanfor viser abonnementsgebyret for vatn og avløp i dei ulike næringskategoriane ved ny VA-forskrift.

Næringskategoriar	m ³ låg	m ³ høg	Vatn	Avløp
Kategori 1	0	300	2 268	3 212
Kategori 2	300	1 000	6 804	9 636
Kategori 3	1 000	5 000	13 608	19 272
Kategori 4	5 000	1 000 000	27 216	38 544

Tabell 14 – Abonnementsgebyr for nærings- og kombinasjonseigedom

Tabell 15 til 17 nedanfor viser vass- og avløpsgebyr ved ny og gjeldande VA-forskrift for nærings- og kombinasjonseigedomar. Det er teke utgangspunkt i sju tenkte verksemdar utan vassmål.

Næring – årsgebyr vatn inkl. mva.	m ³	Gjeldande	Ny forskrift
Liten handelsbutikk 150 m ²	180	16 179	4 421
Stor handelsbutikk 2000 m ²	2 400	37 751	42 312
Overnattingsstad 300 m ²	360	10 786	11 110
Hotell 3000 m ²	3 600	43 144	56 664
Stort lagerbygg 1500 m ²	1 800	10 786	35 136
Lite gardsbruk 150 m ²	180	10 786	4 421
Stort gardsbruk 1500 m ²	1 800	21 572	35 136

Tabell 15 – Simulerte vassgebyr for ulike næringseigedomar

Næring – årsgebyr avløp inkl. mva.	m ³	Gjeldande	Ny forskrift
Liten handelsbutikk 150 m ²	180	20 670	6 029
Stor handelsbutikk 2000 m ²	2 400	48 230	56 832
Overnattingsstad 300 m ²	360	13 780	15 270
Hotell 3000 m ²	3 600	55 120	75 612
Stort lagerbygg 1500 m ²	1 800	13 780	47 442
Lite gardsbruk 150 m ²	180	13 780	6 029
Stort gardsbruk 1500 m ²	1 800	27 560	47 442

Tabell 16 – Simulerte avløpsgebyr for ulike næringseigedomar

Næring – årsgebyr VA inkl. mva.	m ³	Gjeldande	Ny forskrift
Liten handelsbutikk 150 m ²	180	36 849	10 450
Stor handelsbutikk 2000 m ²	2 400	85 981	99 144
Overnattingsstad 300 m ²	360	24 566	26 380
Hotell 3000 m ²	3 600	98 264	132 276
Stort lagerbygg 1500 m ²	1 800	24 566	82 578
Lite gardsbruk 150 m ²	180	24 566	10 450
Stort gardsbruk 1500 m ²	1 800	49 132	82 578

Tabell 17 – Totalt årsgebyr for ulike næringseigedomar

6 Arbeidsgruppa

Framlegget til ny VA-forskrift er utarbeidd av eininga for samfunnsutvikling og drift i Fitjar kommune. Visma Enterprise AS har vore fagleg rådgjevar i arbeidet.

Målsetjinga med arbeidet har vore å lage ei forskrift som er rettferdig, tydeleg og fleksibel. Rettferdig: Gebyra skal spegle kostnadsnivået til dei ulike brukargruppene på best mogleg måte. Tydeleg: Forskrifta skal vere lett å lese og handheve med klart og forståeleg språk utan uklare eller vanskelege formuleringar. Fleksibel: Forskrifta viser til årlege kommunestyrevedtak for storleiken på gebyra.

Samfunnsutvikling og drift, Fitjar kommune.